LINDÅS KOMMUNE
Vegavdelinga

Tim Arve Tveit
Elvenesvegen 4
5223 NESTTUN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Irene Wilhelmsen | 16.02.2018 |
| Vår: 18/518 - 18/5236 | Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no | |

# Svar på søknad om utvidt bruk av avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 37/48 Myking

Viser til søknad sendt 20.01.2018 vedrørande auka bruk av avkøyrsle frå kommunal veg for gbnr 37/48 slik at det vert søkt om avkøyringsløyve for totalt 2 bustadeiningar.
Løyvet gitt 19.01.2018 om utvida bruk av avkøyrsle frå kommunal veg Hellebrekkene, for gbnr 37/48 til 1 bustadeining utgår og vert erstatta av dette løyvet.

**Vedtak:**
Det vert gitt løyve til utvida bruk av avkøyrsle mot kommunal veg Hellebrekkene for **totalt 2 bustadeiningar** på gbnr 37/48 på fylgjande vilkår:

- Avkøyrsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkøyrsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkøyrsle frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100 og Lindås kommune si vegnorm. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkøyrsle, sikt, svingradius, drenering under avkøyrsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsone er satt til 4 x 45 meter.
- Avkjørsle skal være som vist på vedlagt situasjonskart (Nhdigi.no) datert 21.09.2017 merka «Situasjonskart - Avkjørsel til 37/47».
- Eksisterande landbruksavkøyrsle **skal fysisk stengast**.
- Ytterligare informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no og i vedlagt rettleiande vegnorm for Lindås kommune.

**Vi gjer merksam på at løyve til avkøyrsle berre gjeld tilknyting til kommunal veg. Bygging/utbetring av avkøyrsle er søknadspliktig tiltak etter plan og bygningslova.**

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald

av avkøyrsler frå offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkøyrsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

**Klage:**
Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dagen vedtaket vart motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**
Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Irene Wilhelmsen
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Rettleiande vegnorm 2017 for Lindås Kommune

**Kopi til:**
Byggesak

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tim Arve Tveit | Elvenesvegen 4 | 5223 | NESTTUN |